



KOPI

Osterøy Kommune  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 23/205 - 23/9302

Saksbehandlar:  
Therese Lyngbo Iversen  
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:  
27.04.2023

## Gbnr 153/3 Indre Bruvik - Søknad om utslepp og oppføring av toalett - Vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 111/23**

Bergen Og Omland  
Friluftsråd Kommunalt  
Oppgavefellesskap  
Bergen Og Omland  
Friluftsråd Kommunalt  
Oppgavefellesskap  
**Tiltak:**  
**Søknadstype:**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:**

Oppføring av toalettbygg og utslepp  
Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova  
(tbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

Søknad om utslepp, jf. ureiningsforskrifta § 12-4.

- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)  
FOR-2004-06-01-931.
- Forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre  
avlaupsanlegg, Osterøy kommune, FOR-2019-11-27-2275.

### Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i ureiningslova § 11 og ureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for offentleg  
toalett på gnr. 153 bnr. 3 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå toalett skal gå til tett tank. Bergen og Omland Friluftsråd har ansvar for service og  
tømming.
2. Tett tank-løysing skal utførast i tråd med NS1545. Det skal sendast melding til kommunen når  
tømming er utført. Utsleppet skal til ein kvar tid tilfredsstille krav i ureiningsforskrifta eller  
Osterøy kommune si lokale forskrift frå mindre avlaupsanlegg jf. § 12-6.
3. Det vert gjeve dispensasjon frå krav til nivåmålar i lokal forskrift om utslepp av sanitært  
avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg § 5.

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av toalettbygg på gnr. 153 bnr. 3 på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal utførast i samsvar med motteken grunneigaravtale.
2. Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedtak etter veglova av 18.04.2023, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.
3. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og teikningar motteke 16.01.2023 med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
4. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.

**Seinast ved søknad om ferdigattest, eventuelt ved søknad om mellombels bruksløyve, skal det sendast inn dokumentasjon for:**

5. Faktisk plassering av tiltaket må være målt inn, og koordinatar sendt kommunen."

## **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utslepp til tett tank og oppføring av toalettbygg i friluftsområde på gnr. 153 bnr. 3.

Bygd areal (BYA) er opplyst til å vere 8 m<sup>2</sup>.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå kravet til nivåalarm i lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg § 5.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.01.2023.

## **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var klar for handsaming den 16.02.2023 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Fristen går ikkje i den tida saka ligg til uttale hjå regionale og statlege styresmakter, jf. plan- og bygningslova § 19-1, jf. § 21-7, 4. ledd.

## **Planstatus**

Eigedomen ligg i regulert område, jf. reguleringsplan Bruvik sentrum – del Aust planld 2003001.

Kommunedelplan for sjø og strandsone vart vedteken i februar 2018. Ved motstrid gjeld den nyaste planen, jf. plan- og bygningslova § 1-5 2. ledd. Kommunen konstaterer at det er motstrid mellom reguleringsplan Bruvik sentrum – del Aust og kommunedelplan for sjø og strandsone og legg til grunn at kommunedelplan for sjø og strandsone skal leggjast til grunn, jf. plan- og bygningslova § 1-5 2. ledd. Føresegner for kommunedelplan for sjø og strandsone og kommuneplanen sin arealdel er samordna og skal vere likelydande. Føresegner sist revidert 24.06.2019, jf. vedtak av 24.06.2019 saknr. 001/19 vert lagt til grunn for handsaminga.

Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel definert som friområde.

## **Dispensasjon**

Kommunen har motteke søknad om dispensasjon frå krav til nivåalarm i tett tank i lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg § 5.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

*"Ettersom det ikke er vann- og strømtilførsel på stedet er det ikke fare for overløp. Toalettet inngår i samme tilsyns- og tømmerutiner som for de mer enn 100 toaletter BOF har ansvar for (tilsvarende som toalett på Hanstveitholmane, Hosanger mfl)."*

Kommunen syner elles til motteken dispensasjonssøknad.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Saka er sendt på høyring til Vestland fylkeskommune.

Kommunen har ikkje motteke uttale i saka.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med ureiningsforskrifta § 12-4, nr. 2 og pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.12.2021.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 6 meter. Vegstyremakta har i vedtak datert 18.04.2023 gjeve dispensasjon til plassering 6 meter frå offentleg veg.

Det er søkt om mønehøgd på toalettbygget på 2,8 m.

#### **Reinseløysing**

Tett tank der Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) har service og tømming av tank.

#### **Drift og vedlikehald**

Inngår i BOF sitt internkontrollsysteem.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser nytt tiltak, gangtilkomst og avkøyrsle.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **VURDERING**

#### **Ureiningsforskrifta**

Tiltakshavar har søkt om dispensasjon frå krav til nivåalarm i tett tank i lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg § 5.

Rådmannen legg til grunn at Bergen og Omland Friluftsråd er eit interkommunalt samarbeid med ansvar for blant anna mange toalett på friluftsområde i fleire kommunar. BOF har etablerte rutinar for tømming av toalett og toalettet på Bruvik vil inngå i disse rutinane.

Rådmannen vurderer at på grunn av at toalettet er eit offentleg toalett drevet av eit kommunalt samarbeidsorgan med rutinar for tømming kan det gjevast dispensasjon frå kravet til nivåalarm.

Rådmannen legg til grunn at det ikkje skal leggjast inn vatn i bygget.

Rådmannen vurderer at dette gjer at det er liten fare for overløp til tanken.

Rådmannen vurderer at det i denne konkrete saka kan det gjevast dispensasjon frå kravet til nivåalarm i lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg § 5.

### **Heimelshavar**

Kommunen har motteke kopi av grunneigaravtale signert av eigar av gnr. 153 bnr. 3.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttat rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland/Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til utslepp til tett tank for nytt toalett på gnr. 153 bnr. 3. Kommunen gjev dispensasjon frå kravet om nivåalarm ved tett tank-løysing for toalett på gnr. 153 bnr. 3.

Kommunen gjev løyve til oppføring av toalettbygg på gnr. 153 bnr. 3.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

### Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/205.

### Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av ureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter ureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. ureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med ureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Ureiningsstyresmaka har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

### Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmaka.*

### Mellombels bruksløyve/ferdigattest

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum kr.
17.2.1 a	Utsleppsløyve		6.300,-
10.2.8	Tiltak		8.400,-
<b>Totalt gebyr å betala</b>			<b>14.700,-</b>

Kode	Art	Ansvar	Teneste	Kostnads stad	Objekt	Mva/ Mva.k	Debet	Kredit
17.2.1.a	16200	69000	3021		A00123			6.300,-
10.2.8	16200	69000	3021					8.400,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Therese Lyngbo Iversen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Osterøy Kommune

Postboks 1                    5293                    Lonevåg

**Mottakarar:**  
Bergen Og Omland Friluftsråd  
Kommunalt Oppgavefellesskap                    Hellebakken 45                    5039                    BERGEN